



KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Åslaug Styve Mjånes har slutta

Assisterande kyrkjeverje Åslaug Styve Mjånes har slutta. 28. mai vart det teke avskil med henne på ein utefest ved kyrkjetunet. Kyrkjeverje Svein har skrive ein omtale av hennar innsats på **side 4**.

T-sidene

Denne gongen får me sjå biletet frå håps-treet utanfor Vangskyrkja i pinsen, såpeboble-blåsing og får høyra om korleis Refleksarar har hatt det under corona-pausen. **Sidene 6-8**.

Vedtekter for gravplassar

Bjørgvin bispedømme har godkjent vedtekter for kyrkjegardane i Voss herad. Her finn du forklaringar på ein del ord og uttrykk som vert brukt i den samanhengen, samt andre nyttelege opplysningar, på **side 11**.

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer



DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

FLEISCHER'S
HOTEL
ANNO
1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Ledige stillinger i Kyrkja på Voss:

Diakon 50 %
Kyrkjeterar Granvin, deltidsstilling
Kontorfullmektig
Sjå lysing på www.Voss.Kyrkja.no

Kyrkjekontoret:

Kontortid måndag, onsdag, fredag 9-15.
Oppningstidene kan verte endra på kort varsel
grunna korona-situasjonen.
Utrågt. 5, pb 49, 5701 Voss
Telefontid måndag-fredag 9-15.
Telefon 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no, post.voss@kyrkja.no
konto.nr. 3480.16.45293
Kyrkjeverje Svein Tøsse
959 79 905
e-post: ST545@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
952 98 681
e-post: AK649@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
995 18 194
e-post: CS222@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
952 62 025
e-post: RS625@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
478 49 134
e-post: SM435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Vetle Leksbø
Tlf. 947 93 477
e-post: VL555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
958 56 414
e-post: AG678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
952 62 084
e-post: FV586@kyrkja.no
Organist Vossestrand Ellen Marie Selland Geithung
980 64 594
e-post: EG395@kyrkja.no
Kyrkjeterar Bolstad Anny Forthun
481 36 520
Kyrkjeterar Evanger June Mykkeltvedt
Kyrkjeterar, Voss Thomas Velsvik
414 75 383
Kyrkjeterar Oppheim/Vinje Kjell Kr. Øyre
416 29 786
Gravar Vidar Bryn 996 00 940
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
918 74 201
Kontormedarbeidarar: Idunn Holen, Lene Brunborg
og Randi Kløve

Prestetenesta:

Kyrkjekontoret på Voss, Uttrågata 5
tlf sentralbord 56 52 38 80
Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
906 99 533
e-post: AH539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Anders Hove
414 68 493
e-post: AH657@kyrkja.no
Sokneprest i Ulvik/Granvin Magnar Haaland
415 46366
e-post: MH977@kyrkja.no
Sokneprest i Vinje/Oppheim/Raudalen
Cato Torsvik
974 23 459
e-post: RT682@kyrkja.no
Prostiprest Arnulf Sandvik
416 75 658
e-post: AS794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
901 96 514
e-post: fk796@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt	952 79 970
Voss: Bjørg Helland	938 56 326
Oppheim: Monica Gudrun Hansen	957 58 204
Vinje: Ståle Hirth	950 84 902
Raudalen: Johnny Lemme	401 82 912
Granvin: Sigvor Melve Schrey	911 32 608

Kyrkjenytt utgjeve av:

Voss Kyrkelege Fellesråd saman med Evanger,
Voss, Raudalen, Oppheim, Vinje og Granvin
sokneråd

Besøksadresse:

Kyrkjekontoret, i Uttrågata 5
Postadresse: Pb. 49, 5701 Voss
Epost: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
Telefon (red.) 915 98 410

Redaksjonsnemnd:

Heidi Hisdal, Anne Marie Haugen, Gunn Horvei,
Eva Kløve, Einar Melve og Arne Mosefinn (red.)

Grafisk produksjon:

Voss Prenteverk. Opplag: 7300

Neste nummer:

Neste nr. Kjem ut i veke 39

Frist for innsendning av stoff 26.08

Framsidebilete: Håpstreet utanfor Vangskyrja i pinsen. Foto: Camilla Velsvik



Alt blir bra

Av Brit Furre

Det var i den tida da alt vart snudd opp ned på nokre få dagar. Da vi gjekk inn i uvisse om arbeid, inntekt, helse og liv. Det vart hamstra tørrgjær og dopapir. Vi såg på TV og hørde på radio. Det som hadde vore ei nyheit i eit land langt vekke, hadde råka oss, i Noreg! Dei fleste var i sjølvpålagn karantene. Det var da mange av oss begynte å gå tur - kvar dag. Det sosialelivet vart med dei vi tilfeldig trefte på turen. Det var godt å undra seg over dette nye livet, saman med andre. Vi trefte på nabobar, som vi ikkje ser så ofte, i vår travle kvardag. Det gav innhald i alt det vanskelege. Det ukjente. Dette viruset som få visste noko om. Vi stolte på Espen Rostrup Nakstad.

Det var i den tida vi stod til knes i det ubegripelege, at eg plutselig ein av dei første dagane i april, blei var ei barneteikning, som hang på eit gjerde. Det var ein fint teikna regnboge, på eit stort ark, og med stor skrift stod det:

ALT BLIR BRA!

Den bodskapen trengte eg akkurat da. Bra - kva betyr det? At det går bra, behøver ikkje bety at alt vert som før. Kanskje noko vert forandra, kanskje til det betre? Kanskje vi får tid til å tenkje over kva vi vil ta med vidare, og kva vi vil forkaste? Alt blir bra! Turen den dagen, gjekk med lette steg. Kvar gong eg gjekk tur, stoppa eg og såg på denne fine teikninga. Den gjorde noko med meg. Ein gneiste som tente eit håp. Eit håp om at bodskapen på teikninga kunne bli sann ein dag.

KYRKJELYDSTUR EVANGER SOKN

I år skal kyrkjelydsturen gå til Skipshelleren. Datoen er sundag 16. august. Skipshelleren ligg på Straume i Vaksdal kommune. Skipshelleren er ein fangstbuplass frå forhistorisk tid. Den vert rekna som den eldste steinalderbuplassen i

«Vi treng håpet, draumen, om det som vi enno ikkje ser. Det som kan skje, det som må skje. Håpet kan verte forma i bøn, i forventning, til Gud. Ikkje for å få alt eg ønsker, men for å vende blikket mot det Gud vil med denne verda, med kyrkja, med oss. Lat din vilje skje på jorda, så som i himmelen. Slik har Jesus lært oss å be, med håp og forventning.»

Sitat frå talen i innsetjingsgudstenesta til Olav Fykse Tveit, biskop i Nidaros domprosti

Av og til må det barn til, for å få oss vaksne til å sjå det viktige i realitetane. Teikninga gav oss som passerte eit håp om at dette skulle gå over. Håp treng næring. Håp gir mogelegheiter. Det er rom for at noko bra kan skje. Håp er å halda liv i framtida.

Å få denne bodskapen frå eit barn gjer noko med meg, i alle fall. Det er skrive og sunge og tala mykje om dette temaet, men det er ikkje så mykje eg hugsar. Men denne helsinga til dei forbipasserande vil vera med meg lenge. Alt skal bli bra!

*Takk til deg som bærer håpet
Takk til deg som setter spor
Takk til deg som sitter våken
Takk til deg som fortsatt tror*

Kristin Solli Schøien (utdrag)

denne delen av landet. Det vert forteljing om den historiske plassen, og det vert gudstenesta ved Frode Kvamsøe. Denne gudstenesta vert istadenfor gudstenesta på Bolstad 23. august.

Me vonar mange vert med. Ta med deg kaffi og niste. Vel møtt!



Åslaug med rosa spade, ei gåve frå staben. Foto:Arne Mosefinn

Åslaug Styve Mjånes sluttar som assisterande kyrkjeverje

Av Svein Tøsse

Åslaug Styve Mjånes har vore tilsett på Kyrkjekontoret på Voss sidan 2006.

Fyrst som sekretær, og frå 2011 som assisterande kyrkjeverje. I praksis var ho kyrkjeverje i Granvin sokneråd, samstundes som ho var sekretær og assisterande kyrkjeverje i Voss. Ein kan knapt finna liknande kombinasjonar av fagområde i offentleg forvalting, og arbeidsmengda var stor. I tillegg til dette, så gjennomførte ho utdanning til kyrkjeverje i 2009, og tok Mastergrad i verdibasert leiing i 2017. No har ho fått stilling som seniorkonsulent på personalavdelinga ved Universitetet i Bergen.

28. mai vart det teke avskil med henne på ein utefest ved kyrkjetunet, der alle i kyrkjestaben var tilstades saman med fleire frå sokneråd og fellesråd. Tidlegare kyrkjeverje i Voss, Hans Soldal, mintes frå då han hadde tilsett henne som kontormedarbeidar. Frå medarbeidarane fekk ho ulike små gåver knytt til dei kvalifikasjonane ho har. Alle gåvene hadde rosa farge. Den største var ein rosa spade.

Eg reknar med at ho har teke med seg sitt gode humør og sine gode kvalifikasjonar inn i den nye stillinga, og håper ho kjem til å trivast.

Påmelding til konfirmasjon 2021

Påmeldinga er godt i gang og me er glade om flest mogeleg får gjort det no før sommaren.
All informasjon og påmeldingsskjema finn de på nettsida vår: voss.kyrkja.no.

Nytt frå Etiopia/Misjonsprosjektet

Av Britt Hernes/Misjonsnemda

Ungdomssenteret i Kamashi har alltid vore ein viktig møtestad for ungdom og unge vaksne. På grunn av smittefare av covid-19, kan dei unge ikkje lenger samlast på ein stad. Likevel er senteret blitt viktigare enn før for folka i Kamashi. Dette på grunn av tiltaka som er sett i verk av senterleiaren og dei unge i senteret.



Handvasking er viktig tiltak mot spreying av corona

Senterleiaren har fått laga ein handvaskstasjon utanfor porten til senteret. Fleire av ungdommene har gått friviljug rundt og informert om faren ved korona og kva folk kan gjera for å beskytta seg mot smitte. Dei var også dei første som slutta å handhelsa. Ikkje av mangel på respekt, men av nestekjærleik.

Det er viktig å visa kva verdi det er å ha ein flokk med motiverte unge som ynskjer å ta eit tak i denne spesielle tida. Dei hjelper også Røde Kors med koronaførebygging. Mellom anna ved å gå rundt i byen og fylla vatn på handvaskestasjonane.

Sjølv om ingen i Kamashi har høyrt ordet «dugnad», så veit dei godt kva det betyr i praksis.

Be om at menneska i Etiopia og alle land i Afrika kjem seg gjennom denne pandemien på best mogeleg måte. Og hugs at du kan støtta prosjektet med VIPPS nr. 505877, eller bankgiro 3480.30.84647 merk misjonsprosjektet.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Byens første handvaskings-stasjon ved Kamashi ungdomssenter



[f Trusopplæringa i Voss](#)

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

Refleks Ten Sing tilbake etter koronapause

Torsdag 28. mai var det endeleg fysisk Ten Sing-øving i Vonheim igjen. Det var stor stas å møtast på skikkeleg. Det er nemleg slett ikkje det same å ha digitale Ten Sing-torsdagar. Nesten kvar torsdag har me møttest i eit program som heiter Zoom. Der har me kunne sjå kvarandre og prate med kvarandre. Me har hatt quizar og kahootar (konkurransar der me bruker telefonen til å svare på spørsmål), me har fortalt kvarandre om både gode og mindre gode opplevingar. Me har til og med begynt å læra ein ny song trestemt. Siste torsdag i mai fekk me bevist at me faktisk hadde lært ein del av den songen.

Tre på Refleks første øving etter koronapause:

Spørsmåla:

1. Kva tenkte du då du fekk beskjed om at skulen og heile landet stengte?
2. Kva er det finaste du har opplevd denne tida?
3. Trur du Gud har brydd seg om korleis me har hatt det desse vekene?
4. Kva synes du om at Refleks Ten Sing er i gang igjen?

Johannes Istad Lirhus sine svar:

1. Det var uverkeleg. Litt som då Notre Dame brann.
2. Det finaste var då eg kunne møta folk att. Russetida har vore fin.
3. Ja.
4. Det er veldig kjekt!



Tonje Haukås Fosse sine svar:

1. Det var litt godt. Alt stresset vart borte på ein måte.
2. Eg var med på nasjonal korøving med Ten Singarar frå heile landet. Det var skikkeleg kjekt.
3. Ja.
4. Det er heilt fantastisk!



Anna Dagestad Bjørke sine svar:

1. Eg vart forvirra. Lurte på korleis dette kunne fungere.
2. Hengkøyetur.
3. Ja
4. Kjempe kjekt å treffe folk igjen!

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Håpstret utanfor Vangskyrkja i pinsa

I pinsa laga me til eit håpstret utanfor Vangskyrkja. Håpstret synleggjer ynskjer og draumar både for våre eigne liv, men også for andre. Å ha håp er alltid viktig, men kanskje ekstra viktig i desse dagar. Forbipasserande kunne ta ei due, og henge den på håpstret. Dua er symbol på fred, håp og ande. På 1. pinsedag kunne born koma og henge si due på treet og samstundes få ei lita overrasking, ei bursdagsgåve. For me kan seie at pinsa er kyrkja sin bursdag, i og med at det var i pinsa Den heilage ande vart sendt til læresveinane. Læresveinane begynte å tale ulike språk og formidla alt det gode Jesus hadde fortalt og gjort. Og det er jo det som er kyrkja si oppgåve, å fortelje om Jesus og om alt det fantastiske me trur på.



Inni overraskinga til born var der et oppdrag, å ta bilet av borna med såpebobler (som også låg i pakken) og sende dei til oss. Vin- den ser me ikkje, men me veit den er der. Og for borna så vert den synleg når dei bles såpeboblene. Slik er anden også usynleg. Men me veit at den er der.
Her er Pia Sofie, Lars Fillip og Ole Gustav Brunborg

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈




BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland


David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gjemt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover fra venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 2208 7100



VITSAR

- Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
- Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
- Korleis då?
- Ho var den einaste som ville ha meg.
- Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
- Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg sov.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



Foto: Frode Kvamsøe

Utegudsteneste på Evanger

Sundag 31. mai vart det halde utegudsteneste ved Evanger kyrkje. Pga korona smittevernreglar vart det denne dagen helde ei gudsteneste og ei dåpsgudsteneste. Når det vart så nydeleg ver denne dagen, passa det veldig godt å vera ute. Det møtte 21 stk. til gudstenesta. Frode Kvamsøe var prest og Frode Vik var organist.



Foto: Gunn Horvei

NYE TOALETT EVANGER KYRKJE



Soknerådsleiar
Nora Mykkeltvedt
syner fram
handicap-toalettet
i Evanger kyrkje.
Foto: Gunn Horvei

Som ein del av oppgraderinga av Evanger kyrkje står no dei to nye toaletta straks klare. Det er kun småting som manglar. Det er kome nytt handicap-toalett i gangen, noko kyrkja ikkje har hatt før. Ein del av våpenhuset er blitt nytta. Toalettet er godkjent av handicap- forbundet. Rullestol-brukarar kan kome seg inn via ein rampe på sida. Toalettet i sakristiet er også blitt utvida og oppgradert.

Kyrkjegardsdugnader på Oppheim, Vinje og Evanger

Den årlege kyrkjegardsdugnaden på Vinje og Oppheim gjekk av stabelen 14.mai. Det møtte 17 stykk på Oppheim og 16 stykk på Vinje. Det var ein kjekk kveld. Med så mange blide og positive friviljuge, gjekk dugnaden som ein leik i flott vårvêr. Me takkar for at så mange møter opp og hjelper til.



På Evanger kyrkjegard vart det halde dugnad for å rydda opp etter omvøla inne i kyrkja. På biletet ser me Jostein Forthun, Karin Agerlie, Orlaug Botnen Styve, Helen Kristin Bolstad og Eivind Yndestad. Fotograf (og deltakar) Nora Mykkeltvedt



Bilete frå Oppheim kyrkjegard.

Foto: Marta Jorunn Almeland Kvamme

PROGRAM SENIORTREFF HAUSTEN 2020

- 25. august: Tema: 75 år sidan frigjeringa.**
- 15. september: Lina Sandel ved Marit og Per Helleve**
- 13. oktober: Ynskjekonsert ved Odd Hagen**
- 10. november: Program ved kantor Astrid Gjestvang**
- 8. desember: Program ikkje fastsett enno**

Me håpar å starte opp att med seniortreffa i Vonheim frå sist i august. Forma på treffa må kanskje endrast, men kulturelle innslag skal det verta!

Treffa vert då arrangert i samsvar med gjeldande smittevern-tiltak, avstand og god hygiene. Me vil når det nærmar seg koma med meir informasjon, og gler oss til å kunna samlast att og sjå kvarandre etter lang tid heime i eigne heimar. Ynskjer alle ein velsigna god sommar!

Helsing Nemnda for seniortreffa.
Sigrid djukastein Mala, diakon

Vedtekter for gravplassane i Voss herad

Bjørgvin bispedømmeråd har godkjent vedtekter for gravplassane i Voss herad. Her er nokre utdrag frå desse:

§ 2 Definisjonar

Friperiode: Dei fyrste 20 åra etter gravlegging i ny grav, der det ikkje er betalt festeavgift.

Festegrav: Grav der det er inngått avtale om vidare leige etter friperioden, mot betaling av avgift.

Fredningstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan nyttast om att. Fredningstida er 20 år.

§ 4 Gravplasstilhøyre

Avlidne personar i heradet kan gravleggjast på den staden i heradet som ein ynskjer. Avlidne personar som har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, har same rettar som heradet sine eigne innbyggjarar. Avlidne personar frå andre kommunar kan gravleggjast i heradet mot at kostnadene ved gravferda vert betalt. Det vert i dette høvet kravd festeavgift for fredningstida.

§ 6 Feste av grav

Når kiste- eller urnegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av. – Der det ikkje er høve til graver med dobbel djupn, har ein rett til å feste ei grav ved sida av, med same friperiode. Ei grav kan ikkje ha meir enn ein friperiode. Ei kistegrav vert framleis rekna som kistegrav sjølv om det vert sett ned urner i grava.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan feste ikkje fornyast utan etter særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd. Når festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er fornya innan seks månader etter varsling, fell gravstaden tilbake til gravplassen.



§ 7 Grav og gravminne

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk. Gravminnet skal ikkje sentrerast mellom to graver. Gravminnet med tilhøyrande plantefelt er festar sin eigedom, og denne pliktar å halde gravminneet sikra og i forsvarleg stand. Etter avslutta gravfeste skal gravminnet fjernast av festar. Voss kyrkjelege fellesråd kan etter avtale fjerne gravminnet mot betaling.

§ 9 Plantefeltet

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Eventuell innramming må flukte med bakken omkring. Det må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast noko som vert høgre enn gravminnet eller vil gå ut over plantefeltet.

§ 10 Plantemateriale

Alt av plantar, kransar og anna materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

Olav Humlebrekke

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Naturen! Det å få oppleva alle årstidene og særleg skikkeleg vinter set eg stor pris på og det var eit sakn dei åra eg ikkje budde på Voss. Og så er her så mykje ulike friluftsmuligheter rett utanfor døra. Eg er veldig glad i å vera åleine i naturen og fjellet og kjenna roa.

Eg opplever det som ikkje veldig lett å bli kjent med vossingar, det tek lang tid. Eg skulle ynskja at det var lettare å kunna invitera (kvarandre) til ein kopp kaffi på verandaen, til dømes.

Kva er viktige verdiar for deg?

Det må vera at mennesket har ein uendeleg verdi. Eg synes at det er viktig at det er plass til alle, uavhengig av om ein er i stand til å produsera og vera «nyttige». Vi er skapt i Guds bilete og er uendeleg verdifulle alt frå unnfangelsen og til den naturlege død. Eg synes det vert sett for lite fokus på barnet – det ser ut til at det er dei vaksne sine behov som vert ropa høgt om og framheva. Barnet sitt perspektiv er lite i fokus. Og inn i dette ser eg og familien som ein viktig nøkkel med høg verdi.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet?

Eg tenkjer at kyrkja er viktig på fleire måtar. Den gir gode rammer



Fødd: 1980

Bustad: Kyte

Yrke: Arbeider i Navigatørene, ei internasjonal og tverrkirkjeleg rørsle

Familie: Gift, 2 gutter

Interesser: Friluftsliv, eldre bilar

Men det største med kyrkja er det som er Kyrkja med stor K og som handlar om alle menneska som tilhører Jesus – som har fått eit oppdrag å formidla håp for verda, frelse og nytt liv. Det er verkeleg gode nyheter som me som kyrkje skal få gje vidare til alle me møter. Eit håp som er større og som held i møte med livet og døden.

Kva betyr trua for deg?

Gjennom trua har eg eit vennskap med Jesus, ein levande relasjon til ein som eg kjenner meg trygg hjå. Trua mi påverkar alt ved livet mitt – frå daglege gjeremål til større val som yrkesval.

Eg kan trygt seie at utan Gud hadde eg ikkje vore i live i dag. Eg hadde ei sterk oppleveling som førte til den trua eg har i dag. Dette har eg ynskje om å dela med andre. Difor er eg blant anna aktiv i ungdomsklubben i Nain. Her synes eg det er veldig meiningsfullt å møta ungdommar og lytta til spørsmåla deira og sjå om bibelen kan hjelpe dei til å finna gode svar som held i møte med livet.

Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Øystein Hilleren.

for mange av livet sine viktige hendingar. Og den er viktig – både diakonalt og ved å setja rammer for korleis me bør leva.

Grøn kyrkjelyd



Neslesuppe

No er det tid for å plukka brennesle og laga suppe. Bruk helst unge plantar. Slik går du fram for å få ei god suppe:

Plukk brennesle (bruk hansk) og vask dei i kaldt vatn. Plukk av blada – stilken vert gjerne for stiv i suppa.

Forvell blada (kok i vatn) ca. 10 min. Slå av vatnet – det kan brukast til saft (sjå nedanfor). Hakk opp massen av blad.

Smelt smør i ei gryte – ha i massen og fres han litt. Ha i vatn og kok opp.

Jevn suppa med maisjevning (då får du ei glutenfri suppe). Du kan også laga jevning på vanleg vis med smør og mjøl før du har i vatn.

Smak til suppa med buljongterning(ar), t.d. grønsakbuljong og litt salt. Suppa kan gjerast meir smakleg med fløyte.

I nokre høve kan det vera aktuelt å tilsetja ein boks hermetisk sodd.

Neslesaft:

Bruk forvellingsvatnet, tilsett litt sukker og mykke sitronsaft. Avkjøl.



Her er det plass til annonsa di!

Ta kontakt på mail:
kyrkjebladet@voss.kyrkja.no



Anleggsgartner og trepleiar
GUNNAR LILLETHUN
Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no



VOSS PRENTEVERK

MARKNAFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN
TRYKKSAKER - MERKEVARERBYGGING

Tlf. 56 52 04 40 post@prenteverket.no

Voss Bokhandel

Vangsgata 27, 5700 Voss
Tlf. 56 51 11 16



Vekselbanken

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00

- med tilbod til liten og stor

Din røyrleggjar i sentrum



Installasjon - Service - Vedlikehald

Velkommen i butikken!

Tlf. 56 51 26 28

Vangsgt. 4, 5700 Voss



Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo
Tlf. 56 52 38 60



Azets Insight AS avd. Voss
Evangervegen 3, 5704 Voss
Autorisert regnskapsførselskap
visma.no/outsourcing



Kiwi Vangen
Tlf. 56 51 27 35



VI ER HER.
ALLTID.



myrkdalen.no

**Me ordnar alt
vedrørande dødsfall**
Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar



Telefon 56 51 11 94 - Telefax 56 51 30 67

**SELSKAP I
HMV VOSS - KONSERNET**

HMV Bilsenter AS tlf. 56529150
HMV Maskin AS tlf. 56529130
HMV Servicestasjon AS tlf. 56529180

GRAVSTEIN

Nye gravmonument,
tilføyinger og oppussing - ta kontakt med:



Per Vinje - Tlf. 56 51 69 88 - 908 52 099



JOKER GRANVIN
Hardangervegen
5736 Granvin
Tlf. 56 52 54 00

Velkommen til en hyggelig handel

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no



Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg hele vegen



- skaper verdier for deg og lokalsamfunn

www.vossabanken.no - 56 52 03 00

**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

*Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.
Kransar, oppsatsar og bårebukettar
fritt levert til gravferda.
Gravmonument.*

Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766

Døypte



Voss Sokn

- 03.05. Sofie Skjerve Leksbø
- 09.05. Adrian Parman Hope
- 21.05. Malene Væhle Kvarekvål
- 21.05. Samuel Selje
- 30.05. Nora Ure Glesnes (dåpen fann stad på Staup)
- 30.05. Lars Bryn Mandelid
- 31.05. Vilja Tveito
- 31.05. Maia Seltveit Helgaset
- 31.05. Nathalie Engvold Ragnvaldsen
- 31.05. Thorin Bachleda Stabæk
- 01.06. Emily Furevikstrand Rodrigues
- 01.06. Emma Døssland

Evanger

- 31.05. Lars Olve Brekkhus Sau

Vigde



Raundalskyrkja

- 18.04. Linda Utne og Ole Kristian Tvinde

Vangskyrkja

- 09.05. Liv Rørlien og Sigurd Mathias Sandvold
- 16.05. Jorunn Fasteland og Owe Bratland
- 29.05. Heidi Tuft og Torbjørn Gunnar Titlestad
- 30.05. Jenny Tesdal og Bjarte Waardal

Evanger kyrkje

- 31.05. Kristine Brekkhus og Knut Kristian Aalvik
Sau

Gravlagde



Voss

- 28.04. Arne Ragnar Nilsen, f. 1924, d. 16.04
- 29.04. Borghild Fuglehaug, f. 1925, d. 18.04
- 30.04. Brita Andersen, f. 1928, d. 22.04
- 06.05. Gisle Reikvam, f. 1967, d. 22.04
- 08.05. Olav Nils Thue, f. 1956, d. 17.04
- 08.05. Johannes Gjerdåker, f. 1936, d. 27.04
- 08.05. Alfred Nilsen Berge, f. 1925, d. 01.05
- 12.05. Marta Rio, f. 1937, d. 03.05
- 12.05. Osvald Henry Åsvang, f. 1924, d. 06.05
- 14.05. Kari Hulsund, f. 1931, d. 30.04
- 20.05. Bjørn Vethe, f. 1954, d. 12.05
- 28.05. Anna Tolo, f. 1927, d. 19.05
- 02.06. Solveig Margrete Fimreite, f. 1947, d. 27.05
- 02.06. Bjarne Opheim, f. 1948, d. 23.05
- 02.06. Gerd Olaug Haukås, f. 1948, d. 27.05

Vinje

- 14.05. Helga Bidne, f. 1934, d. 30.04
- 29.05. Knut Hirth, f. 1928, d. 23.05

Granvin

- 20.05. Kjell Dagfinn Medås, f. 1946, d. 13.05
- 22.05. Bernhard Aase, f. 1942, d. 16.05

Me seier oss leie for at det vart gjeve feil informasjon i førre utgåve av Kyrkjenytt. Rett informasjon skal vere at Ragnhild Hagen (f. 1947) døydde 28.01 og vart gravlagd frå Bolstadøyri bedehus 07.02.

BISKOPEN KJEM PÅ VISITAS I VOSS

15.-17. og 20. september er det planlagd visitas i Voss fellesrådsområde. Sjølve visitasen er tenkt å gå som normalt, men det offisielle programmet er enno ikkje klart. Dette grunna at me enno ikkje veit kva som er råd å få til og gjennomføre

når me kjem til september. Det offentlege programmet vil bli kunngjord så godt som råd når det er klart. Fordi Vangskyrkja er planlagd stengd grunna oppdatering av sprinkelanlegget, er visitastgudstenesta lagt til Vinje kyrkje. Gudstenesta vil bli gjennomført etter dei gjeldane forskriftene på det tidspunktet.

GUDSTENESTELISTE

Vangskyrkja:

28.06. kl. 1100 Gudsteneste. Hellesøy.
05.07. kl. 1100 Gudsteneste. Tomren.
12.07. kl. 1300 Gudsteneste. Tomren. Nattverd.
19.07. kl. 1100 Gudsteneste. Tomren.
26.07. kl. 1100 Gudsteneste. Hove.
02.08. kl. 1300 Gudsteneste. Hove. Nattverd.
09.08. kl. 1100 Gudsteneste. vikar.
16.08. kl. 1300 Gudsteneste. Hove. Nattverd.
23.08. fra kl. 1000 Konfirmasjonsgudstenester.
Skjeldal og Hove.
29.08. fra kl. 1000 Konfirmasjonsgudstenester.
Skjeldal og Hove.
30.08. fra kl. 1000 Konfirmasjonsgudstenester.
Skjeldal og Hove.
06.09. kl. 1100 Gudsteneste. Hove. Nattverd.
13.09. kl. 1300 Gudsteneste. Hove. Nattverd.

Evanger kyrkje:

12.07. kl. 1100 Gudsteneste. Bø. Nattverd.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon.
09.08. kl. 1100 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
05.09. kl. 1100 Konfirmasjonsgudsteneste.
Kvamsøe. Takkoffer til Voss KFUK/M.

Bolstad kapell:

26.07. kl. 1700 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Takkoffer til Redd Barna.

Oppheim kyrkje:

28.06. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.
Takkoffer til Voss Barneheim.
06.09. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.

Vinje kyrkje:

05.07. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik.
Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.
09.08. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.
30.08. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.
17.09. kl. 1930 Ung Messe/Samtalegudsteneste.
Torsvik og konfirmantar.
19.09. kl. 1100 Konfirmasjonsgudsteneste. Torsvik.

Granvin kyrkje:

05.07. kl. 1100 Gudsteneste. Haaland.
26.07. kl. 1100 Gudsteneste. Arvidsson.
09.08. kl. 1100 Gudsteneste. Arvidsson.
13.09. kl. 1100 Konfirmasjonsgudsteneste. Haaland.

Raudalen kyrkje:

22.08. kl. 1100 Konfirmasjonsgudsteneste. Torsvik.

Mjølfjell kapell:

29.07. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.

Tjørnarhovden Oppheim:

16.08. kl. 1100 Stølsmesse.

OM GUDSTENESTER I VOSS SOKN

Me har no starta opp att med gudstenester i Voss sokn. Dette er svært kjekt, men det kan framleis ta ei stund til situasjonen er attende til normalen. Me er inntil vidare pålagd å føre liste over deltakarane på gudstenestene (og ved andre kyrkjelege handlingar). Desse blir låst inn på våre kontor og oppbevart i 10 dagar, før dei blir makulert. Dei kan berre utleverast dersom helsemyndighetene bed om det. I Voss sokn vil dåp gå i eiga gudsteneste, dette for å unngå å måtte setje tal på kor mange som kan vere med i dåpsfølgjet.

Me håpar me kan følgje gudstenestelista slik ho er satt opp i dette bladet. Det blir ikkje nattverd kvar sundag i sommar, for å kunne ivareta dette på ein så god måte som råd. Gudstenestene med nattverd er satt opp til kl. 13. Sjå aktuelle datoar i lista.

Me følgjer helsemyndighetene sine råd og forskrifter fortløpende, dette kan medføre endringar i gudstenestelista. Me vil informere så godt me kan på nett, på tavla utom kyrkja og i andre kanalar.